



Referat frå soknerådsmøte 28.05.19

Tilstades : Ester Hauger, Jannike Augestad, Borghild Lygre, Kjell-Ove Kvåle, Eva Oppen, Lars Arne Vik, Merete S. Wallevik, Lillian Aga

Forfall: Rune Hjøllø, Ida Lindøe, Øyvind Larsen

Sak 7/19: Godkjenning av referat frå førre soknerådsmøte.

Referatet vart godkjent.

Sak 8/19: Møteplan andre halvår 2019

28. August (Hos Lars Arne) kl. 19

23. Oktober

20. November (Fellesmøte med det nye soknerådet)

Sak 9/19: Gudstenester andre halvår 2019

- Siste gudsteneste i vårhalvår blir 16. Juni. 4 dåpar og konfirmantjubileum. Lillian bestiller kaker (stor firkant). Ester tar ansvar for kyrkjeskyss.
- Hausthalvår 2019:
 - 4. August kl. 11:00
 - Ikkje kyrkjeskyss foreløpig. LA vurderer å avlyse denne gudstenesta.
 - 25. August kl. 17:00
 - Kyrkjeskyss: Kjell-Ove
 - 15. September kl. 17 (Konfirmantpresentasjon)
 - Kyrkjeskyss: Borghild
 - 20. Oktober kl. 11:00 (Hausttakkefest / 4 og 6-års bok)
 - Kyrkjeskyss: Borghild
 - 3. November kl. 11:00 (Allehelgenssøndag)

- Kyrkjeskys: Lillian
- 21. November kl. 19:00 (Sangkveld m/Laudamus)
- 1. Desember kl. 17:00 (Ljosmesse)
- 24. Desember kl. 14:30 (Julegudsteneste)

Sak 10/19: Kyrkjetreff andre halvår 2019, første tysdag i sept, okt og nov. Eva lagar mat og LA lagar program. Borghild hjelper å setja ut bord. Ester køyrer fyrste kyrkjeskys i september.

Sak 11/19: Strikketreff. Det har vore 3 treff i vår. Veldig stor suksess! Merete og Borghild tek ansvar for dette i haust også. Ser an om det nye soknerådet vil overta dette.

Sak 12/19: Kyrkjekveld/-ar: Evt torsdag 21.11 m/mannskoret Laudamus. Treng ikkje mat. LA avventar svar frå Laudamus. Dette må avklarast på møte den 28/8.

Sak 13/19: Evaluering

- Konfirmantfest: Oppmøtetida var litt for tidleg. Mat og alt anna gjekk veldig fint.
 - I 2020: LA føreslår samtalegudsteneste og konfirmantfest 19. April. Soknerådet er einig i dette.
 - Konfirmasjonsgudsteneste til neste år vert 10. Mai.
- Overlapp til det nye soknerådet: Soknerådet lagar eit årshjul på neste soknerådsmøte i august.
- Snublesteinane: Krystallnatta var eit flott arrangement. LA føreslår at krystallnatta markerast til neste år også i kyrkja med fakkeltog ned til snublesteinane. Konfirmantane deltek på dette. Soknerådet synest dette er ein god ide. LA går vidare med dette.

Sak 14/19: Evt julekonsert 2019.

- Sigvart Dagsland. LA har hatt kontakt med manager. Soknerådet synest dette vart for dyrt.
- Marianne Juvik Sæbø: LA spør.
- Halvdan Sivertsen: LA har spurt, har ikkje fått svar.
- Idè konsert inni kraftstasjonen/Statkraft.

Sak 15/19: DUGNAD OG FRAMDRIFT I MAI / JUNI

Borghild har spylt muren deler av muren. Begynte på eine søyla men det var kalk så det var ikkje velluka. Kjell-Ove har vore på synfaring. Muren er laus. Ester har vore i kontakt med Olav Skeie Lid. Olav vil ha med seg ein murar. Den ytre muren må rivast og setjast opp ny, men kostnaden vart for stor så foreløpig løysing er maling. Eføyen på oppsida øydelegg muren, burde vurderer å fjerna denne. Ester spør Olav korleis situasjonen er. Borghild og Kjell-Ove på kopi.

Eventuelt

- Eva får tillatelse av soknerådet til å kjøpe 2 nye rammer til Prestebileter i Sakrestiet.
- Julekransar på gravane: Gamle kransar vert liggjande og vert inntørka og øydelagde. Kyrkja eller soknerådet har ikkje lovt å rydde dette på private gravar. Soknerådet ynskjer ein plakat/ein påminning om forskrifta om når gamle kransar skal fjernast. Ester tek kontakt med Olav ang. dette.
- Utanfor porten til kyrkja ved Sakrestiet er ein stor dump som fyljer seg fort med vatn når det regnar. Ester tek kontakt med Olav ang. Dette.
- Tidspunkt for gudsteneste på 17. Mai. Snakkar om dette på neste møte den 28/8.

NESTE SOKNERÅDSMØTE.

Onsdag 28.08.19 kl. 19:00 hos Lars Arne

Ref. Jannike Augestad